

## Ny vaktordning på UPH

Frå 1. januar 2018 vert det ny vaktordning på UPH. Det vert felles forvakt med Psykiatrisk klinikk, medan det vert eige bakvaktssjikt, dekkja av overlegar i PBU. Dei fleste av overlegane i bakvaktssjiktet bur og jobbar i Førde, men nokre har lang reiseavstand til UPH. Vi vil difor prøve ut ei ordning med bruk av videokonferanseutstyr til vurderingssamtalar. Alle forvaktene bur i Førde-området og vil ha kort uttrykningstid.

I samband med innføring av ny vaktordning, vil PBU i samarbeid med legevakslegar og andre kommunale tenester også prøve å redusere talet på akutte innleggingar, særleg utanom ordinær arbeidstid. Om lag 2/3 av innleggingane på UPH er ikkje-planlagde, og om lag 2/3 av desse pasientane vert tekne imot på sengeposten utanom ordinær arbeidstid. I mange tilfelle vert problematikken til dei akuttinnlagde pasientane raskt avklara, og dei vert utskrivne etter få dagar. Dei fleste av desse ungdommane vil bli overført til oppfølging på ein av BUP-poliklinikkane, og for mange av dei vil poliklinisk vurdering vere meir føremålstenleg enn innlegging. For nokre vil ei innlegging på sjukehus vere ei skremmande eller på andre måtar negativ oppleving.

Vi vil såleis prøve å styre fleire av desse pasientane til poliklinisk vurdering på dagtid. Alle poliklinikkane har allereie i dag tilbod om hastevurdering av pasientar same eller neste dag, men tilbodet er ikkje godt nok kjent og relativt lite brukt. Frå nyttår vil tilbodet bli utvida, og det vil på poliklinikkane vere sett av tid for hastevurdering kvar morgon.

Når legevakslegar tek kontakt med UPH mtp innlegging av pasientar, vil vakthavande saman med tilvisande instans vurdere om vurderingssamtale på poliklinikk er eit adekvat tilbod.

På dagtid vil henvendingar såleis bli kanalisert til poliklinikk, som kan tilby vurderingssamtale same eller neste dag. På helg/kveld/natt vil vakthavande, evt bakvakt, saman med tilvisar vurdere om innlegging er naudsynt, eller om ein kan avvente til vurdering på poliklinikk neste morgon.

Vakthavande vil i så fall formidle beskjed til aktuelle poliklinikk.

Ettersom poliklinikkane er relativt små med få spesialistar, vil polikliniske vurderingssamtalar i nokre tilfelle måtte skje på UPH i staden for på lokal poliklinikk. Dette kan td gjelde i feriar.